

Høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg er små og ukjende i ein internasjonalt marknad. Men dei er svært kvalitetsbevisste, påpeiker Daniel Guhr.

TEKST: TORDIS MARIE ESPELAND FOTO: PETER KLASSON

Norske institusjonar er kvalitets

DANIEL GUHR er opprinneleg frå Tyskland, men bur no i California der han er direktør i Illuminate Consulting Group (ICG). Guhr har meir enn 20 års erfaring som forskar og analytiker innan internasjonalisering av utdanning, blant anna med tema som studieavgifter, ranking og studentervice. Nyleg publiserte ICG ein samanlikningsstudie av meir enn tusen engelskspråklege mastergradsprogram ved 15 ulike europeiske universitet, deriblant universiteta i Oslo og Bergen.

Fokuserer på kvalitet

Frå din ståstad, kva er dei største utfordringane du ser for norske utdanningsinstitusjonar når dei skal tiltrekke seg internasjonale studentar?

– I ein global samanheng er det naturleg å peika på at Noreg ikkje er ein kjend studiestasjon. I tillegg det relativt låge nummeret internasjonale partnerskap ei utfordring, seier Guhr, som også ser norske institusjonar som lite internasjonale, generelt.

– Sjølv om dei akademisk tilsette jobbar utover landegrensene, betyr ikkje dette at institusjonen har ein internasjonalt profil. Nokre institusjonar vil heilt naturleg vera ein del av det globale samfunnet, ofte som resultat av at dei ligg i ein storby. Dette fører til ein større del internasjonale studentar og tilsette. I Noreg er det vel berre institusjonane i Oslo og Bergen som kan rekna med slike ringverknader.

Kva trur du er Noreg og norske institusjonar sine største fordelar for å få internasjonale studentar til å komma hit?

– Det viktigaste er nok at institusjonane i

Noreg fokuserer på kvalitet. I europeisk samanheng er det dessutan ein stor fordel å kunna seia at som internasjonalt student i Noreg kan det henda du får høve til å ta ein kvalitets-ph.d., eller at du i etterkant av studia vert tilboden jobb.

Dersom ein samanliknar Noreg med til dømes Spania og Portugal, der det er få jobbar for nyutdanna, kan resultatet av å studera i Noreg faktisk vera ei fast stilling. Å studera i Noreg er ikkje billeg, trass i at de ikkje har studieavgifter, men desse argumenta saman med kvaliteten på institusjonane burde verkeleg bli løfta fram for potensielle studentar.

Små forhold

Dei fleste norske utdanningsinstitusjonar opererer med små studentkull, dette gjeld også dei engelskspråklege gradene. Korleis kan dette bli kompensert for i internasjonalt marknadsføring?

– At utdanningsinstitusjonane i Noreg er relativt små, kan nok vera ei utfordring. I andre land, til dømes Australia eller Canada, vil større universitet rekruttera fleire studentar frå Kina enn alle norske institusjonar til saman. Rein marknadsføring er ikkje nok til å kompensera for størrelsen, men samarbeid både mellom norske institusjonar og med andre nordiske universitet kan gjera regionen synlegare.

Også fellesprogram med utanlandske universitet er ein god måte å få tilgang til

fleire internasjonale studentar på, meiner Guhr.

– I tillegg kan nye grader, særskilt innretta mot talentfulle, internasjonale studentar, også vera effektive i rekrutteringsarbeidet.

Treng allmennkunnskap

Ein kan nok ikkje seia at det er spesielt sterke band mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv i Noreg. Korleis trur du desse partane kunne ha samarbeida betre om dei internasjonale studentane?

– Den norske økonomien vert stadig meir global, og dette fører også til større behov for å rekruttera internasjonalt arbeidskraft til norske bedrifter. I andre land er det ikkje uvanleg at arbeidsgjevarorganisasjonar driv lobbyverksemd for å få inn

fleire internasjonale studentar, som i neste omgang kan bli framtidige tilsette. Me ser også universitet som samarbeider med næringsliv for å rekruttera talent. Eitt eksempel er frå Alberta-provinsen i Canada. Som i Noreg er energi-utvinning ein viktig næringsveg der, og behovet for ingeniørar og ekspertar er difor stort.

Ein moderne økonomi er avhengig av fleksibilitet og brei allmennkunnskap, påpeiker Guhr.

– Til dømes treng ikkje olje- og gassindustrien berre ingeniørar, men også tilsette med kunnskap om business, språk og med skriveferdigheiter. Og dersom næringslivet treng slik kunnskap, kvifor kan dei ikkje til dømes betala med stipend, trainee-

«Det viktigaste er nok at institusjonane i Noreg fokuserer på kvalitet»

DANIEL GUHR
DIREKTØR, ICG

bevisste

stillinger eller framtidige engasjement som ventar etter studiane? Dette er vanleg i mange land.

Utdanning som byggestein

Daniel Guhr ser at studentane i større grad enn tidlegare har eit val når det kjem til studiestad.

– Mange dyktige studentar får ofte fleire tilbod om studieplassar, og vil då stilla spørsmålet: Kva kan de tilby meg? Alle er klar over at ei eldrebølge snart skyljer over både Europa og Nord-Amerika, og at der trengst meir arbeidskraft i tida framover. For mange land er rekruttering av internasjonale talent den einaste måten å erstatta den eldre, erfarne arbeidsstokken på. Noreg burde fokusera på å tiltrekka høgt kvalifisert arbeidskraft, og bruka utdanningsinstitusjonane som ein byggestein i dette arbeidet.

Du har lang erfaring i å analysere ulike land si tilnærming til internasjonalisering av utdanning. Korleis ser du at nasjonale strategiar for studentrekruttering, eller mangelen på slike, påverkar det som faktisk skjer på institusjonelt nivå?

– Sjølv om eg trur norske universitet definitivt kunne hatt bruk for ein landspesifikk rekrutteringsstrategi, er mitt inntrykk at universiteta i Oslo og Bergen går føre, men at andre institusjonar også stadig vert dyktigare. Før utarbeidinga av ein nasjonal rekrutteringsstrategi må nivået på det internasjonale arbeidet i dei ulike institusjonane kartleggast. Dette kan vera eit godt grunnlag for ein strategi som ville koma alle norske institusjonar til nytte, uavhengig av akademisk standard, erfaringar og budsjett. I tillegg må inter-

TYSKAR I CALIFORNIA: Daniel Guhr har lang erfaring som forskar og analytiker, blant anna innan tema som studieavgifter, ranking og student-service.



nasjonale rekrutteringsstrategiar vera realistiske, også i eit globalt perspektiv, ikkje berre interne ønskedraumar. Husk også at studentrekruttering alltid må ta omsyn til tema som opphaldsløyve og mulige inn-gangar til arbeidslivet.

Du seier at ein ikkje alltid tar godt nok vare på dei internasjonale studentane når dei kjem til campus. Kor viktig trur du dette er for å skapa eit godt omdøme?

– Internasjonale studentar tilfører ein ny og annleis dimensjon til eit universitetsmiljø, noko som kan bli brukt aktivt gjennom til dømes det ein kallar «internasjonalisering heime». Nøgde studentar vert etter kvart nøgd alumni, som kan bli brukt i framtidig rekrutteringsarbeid. Desse vil også gi eit positivt signal om institusjonen til sine framtidige arbeidsgjevarar.

Gjer ei investering

Du er truleg klar over at Noreg i 2014 avgjorde å ikkje innføra studieavgifter for enkelte internasjonale studentar. Avgjersla er i stor grad teken på grunnlag av den demokratiske tanken om at utdanning skal vera gratis og tilgjengeleg. Kva er ditt syn på denne diskusjonen?

– Svært mange internasjonale studentar både har råd til, og betaler for, utdanninga si. ICG har estimert at internasjonale studentar brukar om lag 55-65 milliardar dollar årleg på studieavgifter. Desse studentane investerer i si eiga framtid. For meg er det merkeleg å meina at deira arbeid for å få eit betre liv inneber eit snev av udemokratisk oppførsel. Det finst dessutan forskning som viser at fråvær av studieavgifter faktisk demotiverer dyktige studentar, sidan gratis utdanning kan gje inntrykk av å vera av lågare kvalitet.

<<Internasjonale studentar tilfører ein ny og annleis dimensjon til eit universitetsmiljø>>

DANIEL GUHR
DIREKTØR, ICG

– Må tenka breiare

– Noreg må ha ein klarare idé om kva studentar me ønskjer å rekruttera, seier seniorrådgjevar i SIU Arne Haugen.

TEKST: **TORDIS MARIE ESPELAND**

I 2012 FEKK SIU i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å styrka kunnskapsgrunnlaget for politikkutvikling og samarbeid med følgjande land: Brasil, Russland, India, Kina, Japan og Sør-Afrika.

Merksemda rundt desse satsingslanda handlar om vekst og økonomiske interesser. Den internasjonale dimensjonen i høgare utdanning er i endring, og mange land, også Noreg, ønskjer å samarbeida meir med dei veksande økonomiske stormaktene. Då trengst det meir kunnskap.

Grunnlag for strategi

Arbeidet har vore delt: I tillegg til ein komparativ studie der Noreg blir samanlikna med ei rekkje andre land, har SIU laga landrapportar om utdanningssystema og eksisterande samarbeid i alle satsingslanda. Rapportane er overleverte til Kunnskapsdepartementet og ligg også i rapportserien på siu.no.

– Her er det informasjon som heilt klart kan vera nyttig for utdanningssektoren, påpeiker Haugen. Han legg til at dette arbeidet også er ein del av grunnlaget for Kunnskapsdepartementet sitt arbeid med ein strategi for prioriterte land utanfor Europa og Nord-Amerika, som skal vera klar hausten 2015.

Den komparative studien ser på korleis Danmark, Nederland, Sverige og Tyskland innrettar sitt samarbeid med satsingslanda.

– Fleire av desse landa har tydelegare mål enn Noreg for kva dei ønskjer å oppnå, seier Haugen.

Måla er først og fremst knyta til nasjonale økonomiske interesser.

– Det handlar om rekruttering, og om kva type kompetanse landet, samfunnet, akademia og arbeidslivet har behov for. Til dømes er Nederland og Danmark heilt klare på at dei ønskjer å rekruttera studentar som blir verande som arbeidskraft, særleg innan naturvitenskap og teknologi.

Konklusjonar

– Noreg skiljer seg frå dei andre landa særleg ved idealet om å tenka utdanning og forskning inn i samarbeid med satsingslanda, noko me ser både i UTFORSK-programmet og det nye partnerskapsprogrammet INTPART som SIU har utvikla i samarbeid med Forskningsrådet, seier Haugen.

Han meiner likevel det er mykje å henta i å sjå på korleis andre land nærmar seg sine satsingsland.

– Noreg bør leggja vekt på å utvikla betre mål og grunnar for kvifor ein tek i bruk ulike verkemiddel ovafor satsingslanda. Europa har behov for meir arbeidskraft. Difor bør Noreg sjå nærare på kva studentar me ønskjer å rekruttera, og samstundes tenka arbeidsliv.